

«Selv om vi i utgangspunktet følte at barnet var for friskt til å være med, ser jeg hvor mye utbytte vi har hatt av å være her»

-Mor til deltakar

Tverrfagleg team

Ved senteret vil ein møte eit tverrfagleg team bestående av lege, sjukepleiar, fysioterapeut, idrettspedagog, ergoterapeut, klinisk ernæringsfysiolog og sosionom.



Telefon: 57 73 71 00



post@rKHR.no



www.rKHR.no



Hauglandsvegen 308
6968 Flekke

RØDE KORS HAUGLAND REHABILITERINGSSENTER

Vestlandets fremste rehabiliteringsinstitusjon



Velkommen!

**Tilbod til born og unge
med funksjonsnedsetting**



Mangfald - Motivasjon - Meistring

Foto: David Zadig

Det å ha ein funksjonsnedsetting kan vere krevjande for både barnet og for familien. Då er det godt å kunne få hjelp til å møte desse utfordringane på best mogleg måte. Det overordna målet med rehabiliteringsopphaldet er å gje meistringsopplevingar og legge til rette for at kvar enkelt skal få utnytte sitt potensiale, og å skape grunnlag for auka aktivitet og deltaking.

Vårt hovudverkemiddel er tilpassa fysisk aktivitet med medisinsk, pedagogisk og sosialfagleg rettleiing. Det vert lagt til rette for fysiske og sosiale meistringsopplevingar gjennom spennande og allsidige aktivitetar inne og ute. Senteret og aktivitetane er universelt tilrettelagt. Alle får tildelt ein koordinator som følgjer ein gjennom heile opphaldet.

Ein av føresette deltek saman med barnet under opphaldet og får eige opplæringsprogram med fokus på korleis best støtte barnet og ivareta seg sjølv i kvardagen.

Vi legg vekt på:

- Ei kunnskapsbasert og heilskapleg tilnærming, med pasienten som viktigaste aktør.
- Meistringsopplevingar for store og små.
- At de blir betre rusta for å takle utfordringar i kvardagen.
- At de får møte andre i same situasjon.
- At de blir kjent med eigne ressursar og utfordringar.
- Å førebygge og meistre seineffektar.
- Læring av verktøy for å oppnå best mogleg funksjon fysisk, sosialt og kognitivt.
- Auka bevissthet rundt barnet sine behov.

Tilbodet

Tilbodet er for born og unge i alderen 6-17 år og er gruppebasert med inntil 16 born. Vi vil saman med borna legge opp til ulike inne -og uteaktivitetar, der meistring står sentralt. Aktiviteten blir individuelt tilpassa barnet sitt behov.

Skule

Barnet vil få tilbod om undervisning under opphaldet. Det er under opphaldet Vestland fylkeskommune som har ansvar for opplæringa og lærar frå Dale vidaregående skule som utfører undervisninga.

Døme på aktivitetar kan vere:

- Varierte aktivitetar i gymsal.
- Symjetrening/ tilvenning i vatn.
- Spesifikk funksjonstrening.
- Kreative aktivitetar inkl. matlaging.
- Samtalegrupper for barna med fokus på egensituasjon og opplevelse av denne.
- Turar og friluftsliv med fokus på aktivitetar på sjø.

«Det er her jeg har sett at han har ulike behov for tilrettelegging som jeg kan hjelpe han med.»

-Mor til deltakar